



Statens vegvesen region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2509 - 16/21765

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
17.08.2016

Dispensasjonssøknad til uttale gbnr - tilbygg - 108/84 Lindås

Planstatus, saka gjeld

søknad om rammeløyve og dispensasjon frå reguleringsplan for riving av garasjetilbygg og oppføring av nytt tilbygg til bustad (litt utvida). Gjeldande reguleringsplan er **Riksveg 568 gjennom Lindås tettstad, endra**

Det som var riksveg 568 har endra status til fylkesveg 57. Arealføremålet er bustad. Mot fv 57 ser det ut som byggegrensa følgjer tomtegrensa. Mot Fv 400 er det litt meir uklart. Byggegrensa mot dei to fylkesvegane fv57 og fv400 er i praksis omrisset av eksisterande bygg, som inngår i planen slik det er oppført. Uthuset mot nord er ikkje eit tilbygg, men eit frittstående bygg og har fått dispensasjon tidlegare.

Tiltaket

Det er søkt om riving av eksisterande carport/terrasse og oppføring av nytt tilbygg med carport og boder, med BYA 61 m² og BRA 58,5 m².

Plassering

Det nye tilbygget vil komma litt nærmare fv57 (ca 1,9m) og ca 0,5 m nærmare fv 400 enn dagens carport. Avstand til nabogrense vert 1,9 m i nordaust og 0,4 m mot søraust. Tilgrensande areal er vegareal. Her er avstandskravet 4 m frå nabogrensa etter pbl § 29-4. Plasseringa er såleis avhengig av skriftleg samtykke frå nabo (Hordaland fylkeskommune/statens vegvesen) eller dispensasjon frå nemnde lovparagraf. Tilbygget skal plasserast på areal som er asfaltert i dag, og vil såleis ikkje medføra endring av sikten i vegkrysset (sjå foto).

Vi viser elles til dispensasjonssøknaden og resten av vedlegga til dette brevet.

Mynde

I regulert område er det kommunen som planstyresmakt som handsamar dispensasjonssøknad som berører fylkes-, riks- og europaveg, etter tilråding frå statens vegvesen.

Reguleringsplan

Planføresegner:

<http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1218185308451.pdf>

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733

Plankart:

ver 2 (2001): <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/Dokument/1225105451914.PDF>

ver 1 (1994): <http://www.geoweb.no/bpvedlegg/1263/PlanOrig/1263-27091990.pdf>




Foto som viser nivåskilnaden - ca 2m mellom vegkrysset og det asfalterte arealet ved eksisterende carport



Førebels vurdering

Ut frå dagens situasjon fører ikkje tiltaket til endring av siktforholda, då det ikkje skal gjerast rerengendingar.

Høyringsfrist

Før kommunen handsamar dispensasjonsøknaden, vert saka sendt dykk som vegstyresmakt til uttale. Vi vil ha uttale til plasseringa i forhold til fylkesvegane og til omsøkt avstand til eigedomsgrensa. Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonsplan - revidert
Dispensasjonssøknad - revidert
Søknad om løyve - revidert
Søknad om rammeløyve
Opplysninger om tiltakets ytre rammer
Teikningar
Diverse dokumentasjon og teikningar
108-84_foto

Kopi til:

Arkoconsult AS
Geir Wergeland

Pb. 103 5291
Veråsvegen 3 5955

VALESTRANDSFOSSEN
LINDÅS

Mottakarar:

Statens vegvesen region vest

Askedalen 4 6863

LEIKANGER